# Stål inspirert av bein tåler mer

**VERDT Å VITE**

**BEINHARDT:** I stål kan det oppstå mikroskopiske sprekker som kan revne og bli mye større. Jevnlig belastning, som trafikk over ei bru, sørger for det. Nå har forskere latt seg inspirere av beina våre for å lage stål som tåler mer belastning. Når bein får en sprekk, sprer sprekken seg i en ujevn linje på grunn av måten fiberne ligger på. I små eksperiment har stålforskere klart å imitere denne egenskapen, som gjør at det tar lengre tid for noe å briste, ifølge Science News. **SMFT**



# m med sine nye skytjenester:
# p i skyene



statte vår personopplysningslov.

– Da vil europeiske myndigheter kunne gå sammen mot de store aktørene og stå sterkere, sier Eike.



Martha Eike

### – Problem for personvernet

Hun er bekymret for at kompetansen i norske kommuner varierer:

– Vi har sagt at de bør gå sammen og dele erfaringer. Ikke alle er like oppmerksomme, eller de tenker at de skal klare det selv, sier Eike.

Også forsker på personvern Gisle Hannemyr ved Universitetet i Oslo er bekymret. Han mener det er naivt å tro at amerikanerne ikke snoker i det som nå lagres på amerikanske servere:

– Spesielt etter Edvard Snowden-avsløringene, som viste at amerikanske myndigheter har adgang til informasjon fra Google, sier Hannemyr.

Han ber oss tenke på følgende scenario: En elev skriver stil om det noble i å begå terrorhandlinger. Dette vil være informasjon amerikanske myndigheter er interessert i å fange opp. Hannemyr tror eleven dermed kan risikere reaksjoner:

– Problemet er såkalt falske positiver, sier Hannemyr.

Han beskriver hvordan strafferettsadvokaten John Christian Elden i 2013 fikk sin visumfrie reiseadgang til USA trukket tilbake, sannsynligvis fordi han chattet med terrortiltalte Arfan Bhatti på Facebook. Homeland Security sine datamaskiner greide ikke skille dette ut som en samtale mellom klient og advokat.

Hannemyr har forståelse for skoleeiere og kommuner som inngår avtaler med Googles G Suite eller Microsofts Office 365:

**– Det er ikke noe feil med it-løsningene, det er personvernet som er problemet. Konklusjonen er ikke å slutte å bruke en programvare, men å innrømme at man må inngå kompromisser med personvernet, sier Hannemyr.**

### – Vi må ha tillit til Google

Trondheim kommune forsikrer på sine hjemmesider at barnas personvern er ivaretatt tatt.

– I valget mellom Googles eller Microsofts skytjeneste valgte vi Google, sier Siw Olsen Fjørtoft.

Hun er prosjektleder for IKT i trondheimsskolen og forteller at alternativene ikke er mange om man skal ha på plass et brukervennlig system som faktisk fungerer. Hun blir stadig spurt om sikkerhet og personvern, og svarer at avtalen kommunen har gjort med Google, skal være sikker og forhindre misbruk. Hun får støtte fra flertallet i bystyret:

– Så lenge vi er blitt forsikret om at personvernet er ivaretatt, må vi ha tillit til at det blir det. Det er alltid et men med tanke på misbruk, men vi må ha troen på lovnadene fra Google, sier Edvin Helland (Ap), leder av oppvekstkomiteen i bystyret.

fridag@klassekampen.no



Karin Moe

# SIDESLENG

Solstein leverer brød, blomar og glasskunst. Og OL-gull i innebandy.

# Olympisk gull!

**27. mars landa** olympiske gullmedaljar på Helganes flyplass på Karmøy. Gullet hang rundt halsen på innebandylaget frå Solstein. Ankomsthallen summa og gjalla i vi-har-vinni og nasjonalsong og knitrande blomebukettar og go'ord frå FK Haugesund-kjentmann Jostein Grindhaug: «Jeg har ofte grått av glede.»

Dei to damene og åtte karane i truppen hadde vunne gull i Special Olympics World Winter Games 2017 i Østerrike 14.–25.mars. Dette er verdas største idrettsarranegement for menneske med utviklingshemming. Norge sende 35 utøvarar i ulike greiner. Men det var laget som hadde øvd to gonger i veka i storhallen på Vea i eitt år som landa gullet i tredjedivisjon. Det blei opprykk frå fjerdedivisjon etter siger over Kypros og Argentina i opningsrundwithout. Tapet for Irland med 1–3 var til å leva med. I finalekampen i Graz vann innebanden over topptrimma Singapore med 5–2. Dei fire på banen i kampens åtte minutt gjorde sitt, medan heiagjengen ringside sikra gullet.

*«Innebanden vann over topptrimma Singapore med 5–2»*

**Folk på Haugalandet** er blitt godt kjende med folka på Solstein, ei verksemd som tilbyd varig tilrettelagt arbeid for personar som ikkje får jobb i det ordinære arbeidslivet. TV Haugalandet sende ti episodar i serien «Livet på Solstein» hausten 2016. Min favoritt er episode 4: «Eg elska na av og te». Serien har fått pris frå Haugesund journalistlag og er på veg til dokumentarfestivalen i Volda, i nyredigert utgåve. Journalist Karen Hesseberg og regissør Andreas Drange Jensen står bak.

Arbeidsfolka på Solstein driv den urbane kafeen Vili & Ve på Åkra. Her treff ein på fotballdamene frå Avaldsnes og politikarar med gjeve gjester. Statsminister Erna Solberg fekk kontant instruks om at staten måtte legga pengane på bordet og ikkje overlata butikken til kommunen. Klar melding!

Menyen på Vili & Ve er gourmet med utsøkte supper servert i halve Norgesglas, freshe salatar og heimebakst. Ein plakat melder: «Brødene kan betales i blomstene.» For her får ein kjøpt både blomar, planter og glasskunst: englar med brekte vinger i alle fargar. Det er leikekrok for bråkarungane og eige kammers for miniseminar og freistnad på hemmelege møte. Overalt rår ein atmosfære som teken rett ut av lyrikar Øystein Wingaard Wolfs bok: «Folk som lever møtes ofte.»



**TUSENKUNSTNARAR:** Arbeidarane på Solstein. **FOTO: TV HAUGALAND**

**I haust kom** ei gresk venninne på overnatting for yogakurs på Balanzen på Vea. Solstein leverte superfood-lunsj og jobbfrukt. Lista over oppdrag, tenester og produksjon er lang, ikkje minst innan metall: «Me er best på aluminium».

Solstein jobbar òg for Nav, med arbeidsretta rehabilitering. Hovudbasen ligg på industri- og næringsområdet på Vea; kontakt med lokalt næringsliv inngår i pakka. Ikkje visste eg at verksemda har eige shipshape konferansesenter før Hege Storhaug fylte storsalen.

Eg skulle ønskt at arbeidsfolka som skaffar Norge olympisk gull hadde fått fart på Statens vegvesen, så me fekk orden på den trafikkfarlege Veakrossen. Det kunne sanneleg trengjast litt slagkraftig feel good i groupettoen for den treige Haugalandspakken.

**Karin Moe**
karinmoe1@gmail.com

Forfattar og litteraturkritikar Karin Moe kommenterer aktuelle saker frå sidelinja kvar måndag.